

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: X63AEP

Registrert dato:

19.03.2018 13:24:53

Talet på vedlegg: 1

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
- På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningsar om føretak/lag/foreining

Føretak/lag/foreining

Ostereidet Bygdelag

Namn på innsender

Ola R Jordal

Rolle

Leiar

Adresse

Dyrhovden 26

Postnummer

5993

Poststad

Ostereidet

Telefon

Telefaks

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Planprogram Områdeplan for Ostereidet

Uttale

Ostereidet, 15.03.2018

Innspel til oppstart av områdeplan med planprogram for Ostereidet

Ostereidet bygdelag viser til kunngjeringa om oppstart av områdeplan for Ostereidet med framlegg til planprogram og kjem her med med våre innspel.

1. Temaet utgreiing om differensierte rekkjefølgjekrav må inn i planprogrammet

Bygdelaget meiner at fleir brukshallen berre må få rekkjefølgjekrav som gjeld tilkomst, veg og vatn m.v. Kan ein bruka eksisterande parkeringsplassar i starten vil det vera ein stor fordel. Sidan fleir brukshallen skal erstatta idrettsbygget, og aktivitetar som i stor grad alt føregår i skuleområdet, kan ein ikkje sjå at det er rett å kopla rekkjefølgjekrav om nytt fortau ned Lindstallen til

fleirbrukskallen. Bygdelaget meiner det er svært viktig at Osterhallen vert realisert snarast mogeleg. Eventuelle tilbygg på skulane kan heller ikkje reknast som trafikkskapande i seg sjølv, sidan mesteparten av elevane i krinsen anten bur i bustadfelta rundt skulen utan å måtta gå ned Lindstallen, eller vert køyrd inn med skulebussar. Ein ber difor om at dette vert skikkeleg utgreidd i planarbeidet, og at kommunen ikkje lar statlege etatar overstyre kommunen som planmynde når det gjeld rekjkjefølgjekrav. Når det gjeld bustadfelt ved senterområdet og Ostertunet meiner bygdelaget at det er naturleg å ha krav til at det vert bygd fortau ned Lindstallen. Bygdelaget meiner at det i planarbeidet bør lagast ein gjennomføringsplan for fylkesvegutbetringa med fortau, som sikrar at ein kan få realisert dette i løpet av 4 år. Her bør kommunen invitera Hordaland fylkeskommune/ Statens Vegvesen og private utbyggjarar til ei drøfting tidleg i planprosessen, med føremål å få til eit spleislag.

2. Lokalisering av Osterhallen

Ostereidet bygdelag ber om at den planlagde fleirbrukskallen (Osterhallen) vert lokalisert på ein sentral stad i oppvekstområdet, og at symjebassenget samstundes vert ivaretake på ein god måte, helst med ei plassering så sentralt i skuleområdet og nært kunstgrasbana, slik at hallen vert ein naturleg møteplass og samlingsplass for bygda/ krinsen.

3. Areal til skuleføremål og betre tilkomst til barneskulen i framtida må utgreiaast i planarbeidet

Bygdelaget meiner at reguleringsplanen må sikra meir skuleareal rundt både ungdomskulen og barneskulen, og at ein må regulera inn fleire parkeringsplassar og betre og ny tilkomst både til barneskulen. Noverande tilkomstveg opp til barneskulen er både trafikkfarleg og uehdlig for skolemiljøet ved ungdomskulen. Både betre parkering og ny tilkomstveg til barneskulen må inn i planprogrammet som eit eige utgreiingstema.

4. Punkt 4.6 gi planprogrammet går ut

Behovet for å laga ekstra gangveg over utmarka frå skuleområdet meiner bygdelaget ikkje er så stort, og ein meiner at dette punktet 4.6 i planprogrammet difor kan gå ut. Det er etter vår vurdering betre å ha skikkeleg fokus på realisering av nytt fortau langs fylkesvegen, fordi det er denne dei fleste vil bruka sjølv om det skulle koma gangveg i utmarka. Fortauet langs fylkesvegen ned Lindstallen er også eit svært viktig trafikksikringstiltak, og difor ber om at dette får stort fokus i planarbeidet. Viktig at ein her går for ein utbettingsstandard med enkelt fortau på eine sida, slik at dette vert økonomisk realiserbart.

5. Senterområdet må utviklast i samsvar med kommuneplanen sine føringar

Bygdelaget vil vise til at det er viktig at sentrumsområdet får gode utviklingsareal og at det er viktig å få til ei konsentrert utbygging i dette området. Den gode landsbyen med fleire forretnings- og tenestetilbod enn i dag må vera målet. Me støttar planprogrammet når det gjeld dette området.

Bygdelaget ber om å verta invitert med i planarbeidet tidleg i den vidare prosessen.

Venleg helsing

Ostereidet bygdelag

Vedlagt dokumentliste

Innspel til områdeplan Ostereidet.docx